

Fossheim Steinsenter,  
2686 Lom.

## Liste over tilbud av NYE, NORSKE MINERAL hausten 2009.

- Beryll**, skarpe gule (eit par grønne) xls, opp til 12 cm på pegmatitt frå Iveland. Estetiske prøver frå 100 – 400 kr.
- Diosid**, gjennomskinlege, grønne, skarpe xls opp til 6 cm frå nytt funn i Kragerø. Nokre få grupper opp til 6 x 8 cm. Mange xls har asbest-terminering i den eine enden. Også facettmateriale. Prisar frå 75 – 900 kr.
- Dravitt**, svarte, vel terminerte xls utan prisme frå Kragerø. Xls kan ha kantlengder opp til 4cm og sit i ein bleikgrøn skapolitt. 75 – 350 kr.
- Elbaitt**, Stord. Sjøkkrosa grupper av xls trimma ut av pegmatittmatrix. Xls opp til 4cm, matrix opp til 6 x 6 cm og i estetiske ”fjell,”dvs. stoffar sagd under. 50 – 750 kr.
- Gadolinit** xls, single opp til 4cm kantlengde, eller på trimma pegmatittmatrix, frå Iveland. Xls er skarpe, mange er heile. Prisar opp til 400 kr.
- Gips**, variant ”marieglass,” Jølster. Vassklare, opp til cm-tjukke oppsplitta plater av gipsmasser som har liggj ute på tippet. Opp til 10 x 12 cm, til prisar frå 50 til 200 kr.
- Hematitt**, xls og som glitrande, heildekkjende former på kvartsxls, Tinnsjøen. Også nokre få stoffar med ribbekvarts med heile h.xls. Dei flweste stoffane er sagde under. 50 – 400 kr.
- Hematitt-roser** frå ei druse oppdaga i Jølster i juni i år. H-rosene er små, velutvikla og skinande blanke, nokre få litt større med småfeil. Høg pris på dei beste.
- Korund** (rubin) frå den klassiske forekomst i Froland. Nokre få stoffar med små (opp til d.3cm skarpe krystallar med god farge, også fjell.
- Kvarts-ofte** røykfarga, Jølster. Nokre få xls, opp til 15 cm, men dei fleste skadde fordi dei har vore festa både i topp og botn. Rimeleg.
- Kvarts etter kalsitt** (skiferspat). Små xls og tynne veggjar frå ein mineralgang på den vestlege Hardangervidda, Røldal. Stykke opp til 10 x 15 cm, også i form av fjell. Rimeleg.
- Muskovitt**, Iveland. Store, flotte fjell og spennande grupper opp til 12 x 8 cm. Rimeleg.
- Rutil**, Akland, Risør (2203). Utpreparerte, opp til 6cm lange xls, ofte med litt diopsid og feltspat. Frå 100 til 350 kr.
- Røykkvarts**, frå stor druse i Roan ca. 1978. Grupper av skarpe, mørke xls opp til 8 x 12 cm, stundom med eit dryss av ortoklas på. Også nokre få xls av orthoklas (og mikroklin) opp til 10 x 12 x 8 cm frå dette spennande funnet frå eit område elles ikkje kjent for mineral !
- Skapolitt** frå Kragerø. Mørkegrønne, skarpe xls opp til 15cm lange, utanpå delvis omvandla i ein matrix av dolomitt, magnesitt og skapolitt. Som større stoffar og fjell opp til 350 kr.
- Stilbitt**, Jølster. Som lekre,brune plater av opp til 8mm store xls på gneis og stundom på klare xls av røykkvarts, ofte med kloritt. Plater opp til 8 x 10 cm. Frå 50 – 250 kr.
- Thortveititt**, Iveland. Xline masser og små, bleikgrønne xls opp til 4cm i pegmatittmatrix. Frå 100 opp til 650 kr.

På lager har eg også eit godt tilbud av tidlegare funn slik som **amethyst** frå Stange, **hessonitt** frå Mosjøen, kvartsgrupper frå mange norske lokalitetar, **kyanitt** frå Lesja og Selbu og estetiske ”fjell” i bergartar som t.d. **eklogitt**, **fuchsitt/kyanitt**, **koronitt** og **solstein** og **thulitt**.